

ALLMENNE FEIL OG MISTYDINGAR I SEMESTEROPPGÅVENE I REGRESJON

1. Testing for **autokorrelasjon**: For å kunne nytte Durbin-Watson testen må det spesifiserast ein hypotese som kan gi retningsliner for korleis "case" skal sorterast. Testobservatoren er basert på sorteringsrekjkjefølgja.
2. "Cutoff's" for **DFBETAS eller Cook's D**: Mange synest tru at Hamilton foreslår å **kutte ut case** med verdiar større enn "Cutoff". Det er ikkje det Hamilton gjer. Han foreslår minimumsverdiar for kva som kan vere verdt å sjå på som "store" verdiar. For i det heile å drøfte utelating av case må det dokumenterast at caset faktisk har ueheldig verknad for regresjonen.
3. Mange stader finn vi tilvising til **sentralgrenseteoremet** som garantist for at residualane vil vere tilnærma normalfordelte. Sentralgrenseteoremet verkar som ein slik garantist berre i det høvet at modellen er rett spesifisert. Før det er godt gjort at modellen er rett kan vi heller ikkje gjere oss nytte av sentralgrenseteoremet.
4. Når vi skal tolke **effekten av ein dummykoda variabel** må vi hugse at koeffisienten tyder effekt relativt til referansekategoriens. Og t-testen testar om effekten er signifikant ulik effekten av referansekategoriens.